

23456

REKNESKAPSLAGA
på Jæren og Dalane

La oss være nøkkelen for deg!



10 rekneskapslag som dekkjer Sør-Rogaland frå Kvitsøy og sørover

Nøkkeltal 2012



Foto: Fylkesmannen i Rogaland, Landbruksavdelinga

INNHALDSLISTE

INNLEIING	3
NØKKELTAL – NYTTEVERDI OG FORKLARING AV OMGREP BLANT TALA	4
Kva er nøkkeltal?	4
Føremål og nytteverdi av nøkkeltal.....	4
Tolkning av nøkkeltala som er presentert.....	4
Nøkkeltala må brukast med varsemd.....	4
Forklaring av enkelte nøkkeltal	5
NØKKELTAL FOR DEI ENKELTE PRODUKSJONANE	7
1. KORN.....	7
2. POTET.....	8
3. GULROT.....	9
4. MJØLKEPRODUKSJON, PÅSETT UNDER 80%	10
5. MJØLKEPRODUKSJON, PÅSETT MELLOM 80-120%.....	11
6. MJØLKEPRODUKSJON, PÅSETT OVER 120%	12
7. OKSAR.....	13
8. AMMEKYR, PÅSETT UNDER 50%	14
9. AMMEKYR, PÅSETT OVER 50%	15
10. SMÅGRIS- OG KOMBINERTPRODUKSJON.....	15
11. SMÅGRIS, KOMBINERTPRODUKSJON	17
12. SLAKTEGRIS.....	18
13. SAUEHALD	19
14. GEITEHALD.....	20
15. EGGPRODUKSJON.....	21
16. SLAKTEKYLLING.....	22

INNLEIING

Rekneskapslaga på Jæren og Dalane presenterar med dette nøkkeltalanalysen for 2012.

I år introduserer me tre nye nøkkeltal: DB pr. kull og tal smågris pr. kull i smågrisproduksjonen, og nyttbar kalv i ammekuproduksjonen. Vidare er ammekuproduksjonen nå delt i to analysar; over og under 50% påsett.

I analysen er det for kvar produksjon presentert tre grupper av nøkkeltal; middel, snitt 30% høgaste og snitt 30% lågaste. Middel er snitt av alle analysane i kvar enkelt produksjon. Me meiner at denne måten å presentera nøkkeltala på gjev interessant og robust informasjon om nøkkeltala i den enkelte produksjon.

Vidare er det teke med ei forklaring av enkelte nøkkeltal som truleg treng litt utgreiing for å forståast, og for å forklare korleis desse nøkkeltala vert rekna ut.

Nøkkeltalstatistikken fokuserer på tala for 2012. Det er også teke med middeltal for 2011, 2010 og 2009 for den enkelte produksjon. Dette for å kunne sjå trendar og utvikling i nøkkeltala over tid. Når ein skal samanlikna tala mellom åra må ein vera merksam på at det er ulikt tal analysar som ligg bak statistikken, der geografisk spreing av bruka som inngår i statistikken vil kunne ha innverknad.

Nøkkeltala er viktig informasjon for gardbrukaren som skal leie og utvikle sitt føretak. Vårt råd er å bruke desse tala, og ikkje minst, få utarbeida nøkkeltal for dine produksjonar dersom du ikkje allereie gjer det i dag.

Tal analysar og geografisk fordeling av analysar i statistikken

Lag \ År	2012	2011	2010	2009
Nord-Jæren	16	21	26	20
Høyland	35	43	50	60
Gjesdal	89	78	99	109
Klepp	140	160	152	141
Time	49	60	60	79
Nærbø	44	52	54	50
Hå	80	38	76	67
Bjerkreim	120	113	111	111
Lund	15	8		
Sum	588	573	628	637



Kontaktperson for nøkkeltalanalysen er:

Jostein Røysland
Bjerkreim Rekneskapskontor AS
tlf. 51 45 21 88
e-post jostein@bras.no

NØKKELTAL – NYTTEVERDI OG FORKLARING AV OMGREP BLANT TALA

Kva er nøkkeltal?

Nøkkeltalanalysen er i prinsippet ein driftsgrein-analyse. Analysen viser kva dekningsbidrag (DB) kvar enkelt produksjon gjev. I analysen vert produksjonsinntekter og variable kostnader i rekneskapet for heile føretaket / garden tilordna den produksjon som fører til denne inntekt og kostnad. Dekningsbidraget skal dekke faste kostnader, arbeidsvederlag og kapitalkostnader.

Vi har valt å kalle dette ein nøkkeltalanalyse, då den inneheld ein del meir informasjon enn ein tradisjonell driftsgreinanalyse, t.d. oppnådde prisar, maskinkostnad pr. eining.

Føremål og nytteverdi av nøkkeltal

Nøkkeltala skal gje deg som gardbrukar måltal for oppnådde økonomiske resultat i produksjonen. Desse måltala kan du nytta til å samanlikna mot statistikken for denne produksjonen, og dermed sette deg mål for kva økonomisk resultat du ynskjer å oppnå. Nøkkeltala kan også nyttast til feilsøking dersom du ikkje oppnår ønska dekningsbidrag. Du kan også følgje eiga utviklinga frå år til år.

Ved å samanlikna nøkkeltala kan vi måle økonomisk utvikling i den enkelte produksjon over tid. Bankar og Innovasjon Norge vil ofte krevje at driftsplan/ budsjett må underbyggast med ein nøkkeltalanalyse.


Nøkkeltala er viktige då dei byggjer på analyse av reelt oppnådde produksjonsresultat og rekneskapstal frå eit breidt utval av produsentar.

Tolkning av nøkkeltala som er presentert


Det er vist tre kolonner av informasjon:

- Middel – er gjennomsnitt av alle tala i analysen for denne produksjonen.
- Høgaste 30% - gjennomsnittet av dei 30% høgaste DB. Alle tal er snittet internt i gruppa.
- Lågaste 30% - gjennomsnittet av 30% lågaste DB. Alle tal er snittet internt i gruppa.

Det er DB pr. liter mjølk, DB pr. daa, DB pr. kylling osv. som avgjer kva for gruppe tala kjem i.



Ved å ta snittet av ei gruppe vil me få ei vektning av nøkkeltalet som tek omsyn til kor mange bruk som ligg kor på skalaen innafor gruppa. Dermed vert nøkkeltalet meir robust, ved at det gjev informasjon om ikkje bare nokre få føretak som oppnår dette talet.



Nøkkeltala må brukast med varsemnd

I den enkelte produksjon viser linja "Tal bruk totalt med analyse" kor mange føretak som fått utarbeida analysen.

For produksjonar med lågt tal bruk må informasjonen brukast med stor varsemnd, då resultatet frå eit enkelt bruk får stor innverknad på tala for denne produksjonen. Dess fleire bruk som har fått utarbeida analyse for ein produksjon, dess sikrare blir statistikkgrunnlaget for denne produksjonen.

Nøkkeltalanalysar vert utarbeida som betalingsoppdrag frå våre kundar. Vårt inntrykk er at det er ei overvekt av dei fagleg interesserte kundane, og dei kundane som får rimeleg gode økonomiske resultat, som oftast er interessert i å få utarbeida nøkkeltalanalyse. Dermed kan nøkkeltala vera noko betre enn det næringa generelt oppnår.

Det er også skilje på dei naturgitte vilkåra (t.d. høgd over havet, jordsmonn o.l.) mellom dei enkelte gardane som inngår i statistikken. Dette vil også verke inn på oppnådde resultat.

Forklaring av enkelte nøkkeltal

Nedanfor har vi forklart enkelte nøkkeltal, kva som ligg bak desse tala, og kva dei måler/gjev uttrykk for. Dei er lista alfabetisk.

DB m/tilskot

Nøkkeltalet viser DB pr. produsert eining inkludert produksjonstilskot som er direkte knytta til denne produksjonen. Areal- og kulturlandskapstilskotet er inkludert i husdyrproduksjonane. Desse tilskota er fordelt mellom dei ulike grovfôrproduksjonane i føretaket i same forhold som dei variable kostnadane til grovfôret er fordelt mellom desse produksjonane.

DB pr. daa grovfôrareal

Dekningsbidrag i aktuell produksjon dividert på daa grovfôrareal som denne produksjonen nyttar. Nøkkeltalet viser kva den aktuelle produksjonen «betalar» for kvart daa grovfôr. Om grovfôrarealet er ein avgrensande faktor på garden, er dette eit viktig nøkkeltal for å sjå om denne faktoren er godt utnytta. Nøkkeltalet er også interessant for å samanlikne kva DB ulike produksjonar gjev pr. daa grovfôrareal, dersom ein vurderer å endre produksjon / bruk av arealet.

DB pr. kull /pr. purke – smågrisproduksjon

- DB pr. kull er totalt dekningsbidrag i smågrisproduksjon dividert på totalt tal kull gjennom året.
- DB pr. purke er totalt dekningsbidrag i smågrisproduksjonen dividert på tal årspurker.

Definisjonen på årspurke er at purkene tel som årspurke frå fyrste gong dei vert bedekka som ungpurke og heilt fram til dei vert utrangert. Tal årspurker kjem fram ved å telje tal fôrdagar purkene har hatt i ein periode og dividere dette på perioden sin lengde.

Ut frå definisjonen over vil utrekning av tal årspurker krevje nøyaktige registreringar gjennom heile året. Vår erfaring er at det er ulikt kor nøye dette vert gjort. DB pr. purke må difor brukast med varsemd.

DB pr. kull i smågrisproduksjonen vil difor vera eit meir robust nøkkeltal, og vi vil legge meir vekt på dette talet framover.

Framfôringsprosent – smågris

Tal smågris som blir fôra fram til slakt, dividert på totalt tal smågris + slaktegris frå besetninga. Nøkkeltalet gjev dermed uttrykk for kor stor del av alle smågris som blir fôra fram til slaktegris i eigen besetning.

Gagnslam pr. vinterfôra sau

Gagnslam er dei lamma som har blitt til gagn /nytte. Dvs. lamma som enten er blitt slakta, selde til livs eller er i besetninga pr. 31.12., dividert på tal vinterfôra sauer.

Korrigerte dekar pr. "kueining"

Dette nøkkeltalet består av to omgrep som må forklarast:

Korrigerte daa (dekar):

Sum daa fulldyrka jord og overflatedyrka jord til eng og beite, dividert på 1 + sum daa kulturbeite dividert på 2,5. Døme: 100 daa fulldyrka jord + 65 daa kulturbeite = $100 + 65/2,5 = 126$ korrigerte daa.

Kueining:

Ei kueining er grovfôretande dyr pr. år etter følgjande omrekningsfaktor:

- 1 ku
- 1 avlsokse
- Ungdyr > 1 år dividert på 4
- Ungdyr < 1 år dividert på 8
- Sauer og lam dividert på 6
- Geit og kje dividert på 7

Desse omrekningsfaktorane er grunnlaget når kostnader til grovfôrproduksjon og maskinkostnader til grovfôretande dyr skal fordelast mellom dei ulike dyreslaga.

Dersom tal korrigerte dekar pr. "kueining" er høgare enn snittet, betyr dette at garden/føretaket i utgangspunktet bør ha rikeleg tilgang på grovfôr. Er talet lågare enn snittet, kan dette bety at grovfôrarealet er avgrensa, og / eller at garden tek høge avlingar pr. daa. Dette talet må i denne samanheng sjåast saman med dei andre utgiftene til fôr og dei naturgjevne forholda eininga driv under.

Maskinkostnader pr. daa / pr. liter

I maskinkostnadene inngår vedlikehold av maskinar og traktorar, leasing av maskinar, maskinleige, drivstoff, forsikring, 15% avskrivning av maskinar og traktorar samt andre små-investeringar under aktiveringsgrense. Rentekostnaden er ikkje med.

Dette nøkkeltalet kjem fram ved at den enkelte gardbrukar fordeler dei totale maskinkostnadane i rekneskapet skjønnsmessig mellom aktuelle produksjonar i føretaket.

For dei grovfôrbaserte produksjonane (storfe, sau og geit) vert maskinkostnadene fordelt mellom desse produksjonane etter same forhold som grovfôrkostnadene i korrigerte daa pr. "kueining". Men her i dette nøkkeltalet vert det lagt til grunn at 10 daa kulturbeite = 1 daa fulldyrka jord.

Nøkkeltalet gjev dermed uttrykk for kor mykje maskinkostnader produksjonen krev ut frå det produksjonsopplegget som er valt på bruket. For grovfôrproduksjonane er det ikkje sortert noko mellom mekaniseringslinjene for grovfôr.

Maskinkostnader kraftfôrbaserte produksjonar

Dette er maskinkostnader direkte knyta til kraftfôrbaserte produksjonar, fastsett ved skjønn av kunde. I tillegg vil kostnad til borttransport av husdyrgjødsel inngå her. Husdyrgjødsel frå kraftfôrbaserte produksjonar som blir brukt i eigen grovfôrproduksjon vert belasta grovfôrproduksjonen.

Nyttbar kalv pr. ammeku

Dette er kalvane som har blitt til gagn / nytte. Dvs. sum kalvar som har blitt slakta, selde til livs eller er i besetninga pr. 31.12., dividert på tal ammekyr.

Produsert tal gris pr. kull / årspurke

Føremålet med dette nøkkeltalet er å få fram kor mange smågris og slaktegris som har blitt levert pr. kull/årspurke.

- Totalt produsert tal gris dividert på totalt tal grisekull pr. år.
- Totalt produsert tal gris dividert på tal årspurker

Definisjonen på årspurker krev nøyaktige registreringar, sjå under nøkkeltalet DB pr. kull / pr. purke. Difor har nøkkeltalet produsert tal gris pr. kull blitt teke i bruk.

Påsettprosent – mjølkeku og ammeku

Dette er forholdet mellom kyr og ungdyr (dvs. andre storfe) i snitt pr. 01.01. og 31.12. Er dette forholdet «ei ku til to ungdyr», er påsettprosenten 100. Nøkkeltalet gjev uttrykk for kor stor del av fødte kalvar som blir fôra fram til eiga rekruttering av nye kyr /sal av livkviger, og slakt av oksar.

Påsettprosent på 120% kan oppnåast ved at kalvane frå kvigene blir inkludert i besetninga, dvs. at det er rask utskifting av kyrne. Besetningar med påsettprosent over 120% er inkludert innkjøpte kalvar til framføring. Denne gruppa blir nytta fordi det er for vanskeleg å isolere dei innkjøpte kalvane som eiga produksjonsgruppe i form av okseoppdrett/livdyr.

I føretaka er det forskjell på innretting i strategi, bygningskapasitet og disponibelt arealgrunnlag hjå dei som driv desse produksjonane. Det er difor viktig å nytte påsettprosent som eit kriterium når oppnådde DB og produksjonsresultat frå ulike føretak skal samanliknast.

Variable grovfôrkostnader pr. daa

Kostnader pr. daa grovfôr til gjødsel, kalk, såfrø, plantevern og konserveringsmidlar i grovfôrproduksjonen, men ikkje rundballeplast.

For å ta omsyn til at grovfôrareale består både av fulldyrka jord, overflatedyrka jord og innmarksbeite med ulike avlingsnivå, er det gjort same utrekninga av daa grovfôrareal som under "Korrigerte daa pr. kueining":
sum daa fulldyrka jord og overflatedyrka jord til eng og beite, dividert på 1 + sum daa kulturbeite dividert på 2,5. Dette då våre berekningar viser at dei variable utgiftene på 2,5 da kulturbeite stort sett tilsvare 1 da fulldyrka.

Døme: 100 daa fulldyrka jord + 65 daa kulturbeite = $100 + 65/2,5 = 126$ daa grovfôrareal.

% dyr på utmarksbeite – sau

Dette er tal dyr som har fått tilskot frå beite på utmarksbeite, dividert på totalt tal dyr om sommaren.

NØKKELTAL FOR DEI ENKELTE PRODUKSJONANE

1. KORN

KORN						
	2012			2011	2010	2009
Nøkkeltal	Høgaste 30%	Middel	Lågaste 30%	Middel	Middel	Middel
Db kr. pr. daa u/tilskot	911	603	299	664	741	701
Db kr. pr. daa m/tilskot	1 278	951	598	1 003		
Oppnådd kornpris kr. pr. kg.	2,08	1,95	1,86	1,92	1,92	1,93
Maskinkostnadar kr. pr. daa	933	740	696	752	686	674
Kornavling kg pr. daa	528	419	321	461	489	472
Tal daa	135	122	111	130	103	104
Tal bruk totalt med analyse		36		61	69	69
Tal bruk pr. gruppe	11	36	11	61	69	69
Kr. pr. daa	Høgaste 30%	Middel	Lågaste 30%	Middel	Middel	Middel
PRODUKSJONSINNETEKTER						
Korn	1 088	797	524	853	917	904
Halm	119	98	67	87	114	105
Beholdningsendring korn og halm	13	4	4	3	5	7
Andre inntekter	-	1	4	9	8	1
Sum produksjonsinntekter	1 219	900	599	953	1 044	1 017
VARIABLE KOSTNADAR						
Gjødsel, kalk	117	130	169	118	120	130
Plantevernmiddel	66	52	30	55	55	67
Såkorn	112	104	86	100	108	102
Andre kostnadar	13	14	15	16	21	18
Sum variable kostnadar	308	297	300	289	303	316
Db pr. daa u/tilskot	911	603	299	664	741	701
Db pr. daa m/tilskot	1 278	951	598	1 003	1 013	973

Merknad:

I kornproduksjon er det ikkje skilja mellom ulike kornsortar, men det er i all hovudsak bygg og havre som inngår i statistikken.

2. POTET

POTET						
	2012			2011	2010	2009
Nøkkeltal	Høgaste 30%	Middel	Lågaste 30%	Middel	Middel	Middel
Db kr. pr. daa u/tilskot	4 880	3 463	1 962	3 695	3 524	3 261
Db kr. pr. daa m/tilskot	5 210	3 694	2 148	3 896		
Oppnådd pris kr. pr. kg	2,10	2,43	2,37	2,35	2,17	2,09
Maskinkostnadar kr. pr. daa	3 075	2 273	1 364	1 657	1 731	1 910
Potetavling kg. pr. daa	3 251	2 225	1 484	2 051	2099	2418
Tal daa	102	99	110	73	76	71
Tal bruk totalt med analyse		17		24	29	30
Tal bruk pr. gruppe	5	17	5	24	29	30
Kr. pr. daa	Høgaste 30%	Middel	Lågaste 30%	Middel	Middel	Middel
PRODUKSJONSINNEKTER						
Potet	6 598	4 895	3 719	4 712	4 800	4 916
Beholdningsendring	319	283	-12	407	172	-79
Andre inntekter	164	62	7	12	19	7
Sum produksjonsinntekter	7 080	5 240	3 714	5 131	4 991	4 848
VARIABLE KOSTNADAR						
Gjødsel, kalk	718	543	482	415	431	453
Plantevernmiddel	518	363	269	326	387	345
Settepotet	903	723	670	507	537	649
Emballasje	63	31	8	32	25	31
Andre kostnadar	-3	116	324	155	68	41
Sum variable kostnadar	2 200	1 777	1 753	1 436	1 448	1 519
Db kr. pr. daa u/tilskot	4 880	3 463	1 962	3 695	3 543	3 329
Db kr. pr. daa m/tilskot	5 210	3 694	2 148	3 896	3 757	3 468

Merknad:

I potetproduksjon inngår både matpotet og fabrikkpotet.

Potet omsatt gjennom egne gardsutsal og liknande inngår ikkje i statistikken.

3. GULROT

GULROT			
	2012	2011	2010
Nøkkeltal	Middel	Middel	Middel
Db kr. pr. daa u/tilskot	10 103	9 372	8 917
Db kr. pr. daa m/tilskot	10 721	10 616	
Oppnådd pris kr. pr. kg	4,45	3,29	3,18
Maskinkostnadar kr. pr. daa	2 533	2 409	2 904
Avling kg. pr. daa	2 532	3 350	3 126
Tal daa	41	34	24
Tal bruk totalt med analyse	6	5	5
Kr. pr. daa	Middel	Middel	Middel
PRODUKSJONSINTEKTER			
Gulrot	12 742	11 466	10 956
Beholdn.endring	2	0	-
Andre inntekter	6	8	8
Sum produksjonsinntekter	12 750	11 474	10 965
VARIABLE KOSTNADAR			
Gjødsel, kalk	624	350	315
Plantevernmiddel	346	433	408
Frø	559	541	583
Emballasje	112	25	29
Andre kostnadar	1 007	754	713
Sum variable kostnadar	2 648	2 102	2 047
Db kr. pr. daa u/tilskot	10 103	9 372	8 917
Db kr. pr. daa m/tilskot	10 721	10 043	9 597

Merknad:

Gulrot omsatt gjennom egne gardsutsal og liknande inngår ikkje i statistikken.

Det er bare vist middel-tal, då det er for få produsentar i statistikken til å presentere høgaste og lågaste 30%.

4. MJØLKEPRODUKSJON, PÅSETT UNDER 80%

MJØLKEPRODUKSJON, Påsett < 80%						
	2012			2011	2010	2009
Nøkkeltal	Høgaste 30%	Middel	Lågaste 30%	Middel	Middel	Middel
Db kr. pr. liter	4,17	3,46	2,78	3,31	3,22	3,17
Db kr. pr. årsku	26 106	22 676	18 624	21 344	20 895	20 198
Db kr. pr. daa grovfôr	3 345	3 121	2 909	2 816	2 774	2 632
Db m/tilskot kr. pr. daa grovfôr	4 818	4 781	4 844	4 341	4 126	3 806
Oppnådd mjølkepris kr. pr. liter	5,01	4,90	4,85	4,53	4,44	4,11
Oppnådd slaktepris kr. pr. kg kjøt	41,63	41,16	40,51	38,37	36,80	36,64
Variabel grovfôrkostnad kr. pr. daa	329	396	448	390	344	344
Maskinkostnadar kr. pr. daa	958	1 104	1 145	994	988	945
Maskinkostnadar kr. pr. liter	1,11	1,04	0,98	0,96	0,96	1,01
Leveranse mjølk liter pr. årsku	6 287	6 598	6 704	6 456	6 502	6 419
Påsettprosent	65 %	60 %	56 %	61 %	62 %	63 %
Kvotepuffyllingsprosent	96 %	96 %	95 %	98 %	100 %	101 %
Korrigerte dekar pr. "kueining"	6,8	6,1	5,5	6,5	6,3	
Årskyr, stk.	27,6	26,9	25,7	25,6	25,3	24,0
Mjølkekvote, liter	185 270	190 128	190 391	173 517		
Tal bruk totalt med analyse		173		171	192	188
Tal bruk pr. gruppe	52	173	52	171	192	188
Kr. pr. ku	Høgaste 30%	Middel	Lågaste 30%	Middel	Middel	Middel
PRODUKSJONSINNTEKTER						
Mjølke	31 562	32 389	32 552	29 330	28 931	26 358
Slakt, livdyrsal	8 371	7 856	7 397	8 079	8 130	8 028
Buskap, beholdningsendring	1 443	1 316	1 297	596	213	1 115
Andre inntekter	547	372	241	423	350	815
Sum produksjonsinntekter	41 922	41 933	41 488	38 427	37 624	36 316
VARIABLE KOSTNADAR						
Grovfôrproduksjon, kjøp grovfôr	2 876	3 811	4 781	3 579	3 310	3 055
Kraftfôr mm	10 364	11 837	13 353	10 031	9 670	9 203
Veterinær, medisin, semin mm	1 370	1 541	1 613	1 441	1 465	1 411
Innkjøp dyr	327	1 036	1 946	1 028	1 278	1 381
Andre utgifter	879	1 032	1 171	1 001	1 006	1 068
Sum variable kostnadar	15 816	19 257	22 864	17 083	16 729	16 118
Db kr. pr. ku u/tilskot	26 106	22 676	18 624	21 344	20 895	20 198
Db kr. pr. ku m/tilskot	37 884	34 977	31 844	32 885	31 556	30 332

Merknad: Kvotepuffyllingsprosent er pr. kalenderår, ikkje kvoteår

5. MJØLKEPRODUKSJON, PÅSETT MELLOM 80-120%

MJØLKEPRODUKSJON, Påsett 80-120%						
	2012			2011	2010	2009
Nøkkeltal	Høgaste 30%	Middel	Lågaste 30%	Middel	Middel	Middel
Db kr. pr. liter	4,66	3,96	3,26	3,69	3,69	3,64
Db kr. pr. årsku	29 623	26 842	23 424	24 445	24 403	23 871
Db kr. pr. daa grovfôr	3 723	3 289	2 824	3 153	3 043	2 899
Db m/tilskot kr. pr. daa grovfôr	5 069	4 577	4 158	4 497	4 217	4 027
Oppnådd mjølkepris kr. pr. liter	4,87	4,84	4,80	4,46	4,42	4,13
Oppnådd slaktepris kr. pr. kg kjøt	44,17	43,56	43,18	40,99	38,73	39,70
Variabel grovfôrkostnad kr. pr. daa	357	367	401	393	368	347
Maskinkostnadar kr. pr. daa	935	1 007	1 210	1 076	980	909
Maskinkostnadar kr. pr. liter	1,11	1,10	1,19	1,08	1,08	1,06
Leveranse mjølk liter pr. årsku	6 418	6 837	7 177	6 651	6 617	6 556
Påsettprosent	97 %	95 %	94 %	97 %	98 %	98 %
Kvotepåfyllingsprosent	100 %	98 %	97 %	100 %	100 %	99 %
Korrigerte dekar pr. "kueining"	6,2	6,2	6,1	6,0	6,1	
Årskyr, stk.	35,6	37,4	36,2	31,4	32,6	30,5
Mjølkekvote, liter	231 237	269 297	281 275	215 673		
Tal bruk totalt med analyse		127		134	177	159
Tal bruk pr. gruppe	38	127	38	134	177	159
Kr. pr. ku	Høgaste 30%	Middel	Lågaste 30%	Middel	Middel	Middel
PRODUKSJONSINNTEKTER						
Mjølke	31 030	33 039	34 463	29 750	29 332	27 081
Slakt, livdyrsal	13 991	12 404	11 005	12 079	12 403	11 983
Buskap, beholdningsendring	1 390	1 606	1 938	973	215	1 471
Andre inntekter	417	344	220	450	492	1 007
Sum produksjonsinntekter	46 828	47 392	47 626	43 254	42 441	41 542
VARIABLE KOSTNADAR						
Grovfôrproduksjon, kjøp grovfôr	3 449	4 042	4 926	3 814	3 609	3 236
Kraftfôr mm	10 842	12 627	14 597	11 410	10 990	11 001
Veterinær, medisin, semin mm	1 430	1 652	1 863	1 563	1 526	1 498
Innkjøp dyr	595	1 188	1 775	1 004	957	953
Andre utgifter	890	1 041	1 041	987	957	983
Sum variable kostnadar	17 205	20 550	24 202	18 763	18 038	17 671
Db kr. pr. ku u/tilskot	29 623	26 842	23 424	24 492	24 403	23 871
Db kr. pr. ku m/tilskot	35 438	32 704	31 093	34 887	34 505	33 285

Merknad: Kvotepåfyllingsprosent er pr. kalenderår, ikkje kvoteår

6. MJØLKEPRODUKSJON, PÅSETT OVER 120%

MJØLKEPRODUKSJON, Påsett > 120%						
	2012			2011	2010	2009
Nøkkeltal	Høgaste 30%	Middel	Lågaste 30%	Middel	Middel	Middel
Db kr. pr. liter	5,38	4,33	3,41	3,97	4,47	4,14
Db kr. pr. årsku	35 858	29 792	23 056	25 930	29 773	27 290
Db kr. pr. daa grovfôr	4 120	3 551	2 833	3 240	3 368	3 268
Db m/tilskot kr. pr. daa grovfôr	5 514	4 954	4 335	4 425	4 329	4 286
Oppnådd mjølkepris kr. pr. liter	5,01	4,88	4,81	4,44	4,39	4,08
Oppnådd slaktepris kr. pr. kg kjøt	47,01	45,42	43,65	42,33	41,89	41,20
Variabel grovfôrkostnad kr. pr. daa	376	387	390	471	414	370
Maskinkostnadar kr. pr. daa	1 100	1 011	971	1 147	865	1 038
Maskinkostnadar kr. pr. liter	1,30	1,10	0,99	1,08	1,10	1,24
Leveranse mjølk liter pr. årsku	6 689	6 898	6 755	6 545	6 698	6 672
Påsettprosent	160 %	153 %	153 %	151 %	169 %	161 %
Kvotepåfyltingsprosent	94 %	96 %	95 %	97 %	99 %	100 %
Korrigerte dekar pr. "kueining"	6,2	5,9	5,9	5,8	6,0	
Årskyr, stk.	36,4	36,8	33,8	35,9	31,7	31,1
Mjølkekvote, liter	265 482	273 829	260 026	251 916		
Tal bruk totalt med analyse		45		34	42	62
Tal bruk pr. gruppe	14	45	14	34	42	62
Kr. pr. ku	Høgaste 30%	Middel	Lågaste 30%	Middel	Middel	Middel
PRODUKSJONSINNTEKTER						
Mjølke	33 623	33 695	32 542	29 184	29 460	27 241
Slakt, livdyrsal	26 855	20 354	16 522	19 077	26 317	21 574
Buskap, beholdningsendring	3 441	2 781	2 626	931	2 180	1 490
Andre inntekter	876	539	147	602	1 031	967
Sum produksjonsinntekter	64 795	57 369	51 837	49 793	58 989	51 272
VARIABLE KOSTNADAR						
Grovfôrproduksjon, kjøp grovfôr	4 014	4 865	5 717	4 781	4 638	3 625
Kraftfôr mm	16 248	16 218	16 400	13 578	14 892	13 140
Veterinær, medisiner, semin mm	1 857	1 690	1 653	1 619	1 568	1 548
Innkjøp dyr	5 480	3 719	3 769	2 772	6 863	4 415
Andre utgifter	1 338	1 084	1 241	1 136	1 256	1 255
Sum variable kostnader	28 936	27 576	28 781	23 887	29 216	23 982
Db kr. pr. ku u/tilskot	35 858	29 792	23 056	25 905	29 773	27 290
Db kr. pr. ku m/tilskot	44 006	38 626	32 435	36 461	39 936	37 562

Merknad: Kvotepåfyltingsprosent er pr. kalenderår, ikkje kvoteår

7. OKSAR

OKSAR						
	2012			2011	2010	2009
Nøkkeltal	Høgaste 30%	Middel	Lågaste 30%	Middel	Middel	Middel
Db kr. pr. okse	6 936	4 676	1 900	5 136	4 968	4 538
Db pr. daa grovfôr	3 757	2 385	935	2 776	2 295	2 856
Db m/tilskot kr. pr. daa grovfôr	4 651	3 232	1 785	3 808	3 069	3 758
Oppnådd pris, kr. pr. kg slakt	48,10	48,16	48,72	45,29	44,21	44,05
Snitt slaktepris kr. pr. okse	14 256	14 887	15 215	14 133	13 871	13 149
Snitt kjøpspris kr. pr. kalv	4 046	4 014	4 221	4 086	4 057	3 971
Snitt slaktepris - kjøpspris, kr. pr. okse	10 210	10 873	10 994	10 047		
Variabel grovfôrkostnad kr. pr. daa	411	372	383	451	313	286
Maskinkostnadar kr. pr. daa	1 142	1 043	1 264	1 017	1 024	1 000
Slaktevekt kg pr. okse	297	309	312	312	308	297
Korrigerte daa pr. "kueining"	5,6	5,4	5,9	6,7	6,3	
Tal oksar	40	45	36	80,3	53,4	44,6
Tal bruk totalt med analyse		15		14	14	11
Tal bruk pr. gruppe	5	15	5	14	14	11
Kr. pr. okse	Høgaste 30%	Middel	Lågaste 30%	Middel	Middel	Middel
PRODUKSJONSINNTEKTER						
Slakt	14 216	12 866	12 297	13 973	13 991	12 336
Buskap, beholdningsendring	749	722	679	38	407	-616
Andre inntekter	317	367	392	120	107	356
Sum produksjonsinntekter	15 283	13 955	13 369	14 131	14 504	12 076
VARIABLE KOSTNADAR						
Grovfôrprod./ kjøp grovfôr	693	1 112	1 525	1 681	1 345	897
Kraftfôr mm	3 566	4 487	6 250	3 900	3 806	3 133
Veterinær, medisin, semin mm	95	79	45	65	74	63
Innkjøp dyr	3 870	3 478	3 518	3 202	4 211	3 393
Andre utgifter	122	123	131	147	100	53
Sum variable kostnader	8 346	9 279	11 469	8 996	9 536	7 538
Db kr. pr. okse u/tilskot	6 936	4 676	1 900	5 136	4 968	4 538
Db kr. pr. okse m/tilskot	6 937	4 677	1 901	6 992	7 144	6 277

Merknad:

I statistikken inngår okseoppdrett basert både på egne oksar og innkjøpte oksar.

8. AMMEKYR, PÅSETT UNDER 50%

AMMEKYR , påsett under 50%						
	2012			2011	2010	2009
Nøkkeltal	Høgaste 30%	Middel	Lågaste 30%	Middel	Middel	Middel
					Tal utan omsyn til påsett%	
Db kr. pr. ammeku	7 773	4 217	879	5 087	4 135	5 436
Db kr. pr. daa grovfôr	975	577	118	902	507	855
Db m/tilskot kr. pr. daa grovfôr	2 451	1 964	1 113	2 330	1 713	1 978
Oppnådd kjøttpris kr. pr. kg slakt	47,70	47,62	40,81	36,76	41,14	45,49
Variabel grovfôrkostnad kr. pr. daa	377	313	263	406	280	300
Maskinkostnadar kr. pr. daa	1 243	1 151	1 018	1 189	1 141	1 394
Påsettprosent	38 %	37 %	36 %	25 %		
Snitt slaktevekt pr. ku, kg	256	268	302	289		
Nyttbar kalv pr. ammeku, stk.	1,2	1,2	1,4			
Korrigerte daa pr. "kueining"	7,4	6,0	6,0	8,0	6,7	
Tal ammekyr	16	16	13	16,6	13,4	18,1
Tal bruk totalt med analyse		17		9	28	24
Tal bruk pr. gruppe	5	17	5	9	28	24
Kr. pr. ammeku	Høgaste 30%	Middel	Lågaste 30%	Middel	Middel	Middel
					Tal utan omsyn til påsett%	
PRODUKSJONSINNTEKTER						
Livdyrsal	6 746	5 089	4 470	4 412	3 304	3 210
Slakt	7 202	6 164	6 638	3 925	6 859	7 384
Buskap, beholdningsendring	1 060	1 119	-308	1 707	1 752	1 708
Andre inntekter	581	500	597	560	454	943
Sum produksjonsinntekter	15 588	12 872	11 397	10 604	12 369	13 246
VARIABLE KOSTNADAR						
Grovfôrproduksjon,kjøp grovfôr	3 856	3 573	3 410	2 726	3 090	3 003
Kraftfôr mm	2 603	1 976	1 031	902	1 810	1 904
Veterinær, medisin, semin mm	671	552	740	436	407	386
Livdyr	451	1 870	4 455	1 065	2 247	1 627
Andre kostnadar	235	685	882	388	679	747
Sum variable kostnadar	7 815	8 655	10 518	5 518	8 233	7 667
Db kr. pr. ku u/tilskot	7 773	4 217	879	5 087	4 135	5 578
Db kr. pr. ku m/tilskot	20 321	15 598	11 796	13 877	13 717	13 885

Merknad:

- I statistikken for ammeku inngår bådetunge og lette rasar
- tal for 2011 er middel-tal for denne gruppa påsett%, medan tal for 2010 og 2009 er middel-tal for alle ammekubesetningar i statistikken utanom omsyn til prosent påsett

9. AMMEKYR, PÅSETT OVER 50%

AMMEKYR , påsett over 50%						
	2012			2011	2010	2009
Nøkkeltal	Høgaste 30%	Middel	Lågaste 30%	Middel	Middel	Middel
					Tal utan omsyn til påsett%	
Db kr. pr. ammekyu	10 030	5 606	1 038	4 748	4 135	5 436
Db kr. pr. daa grovfôr	1 662	782	128	796	507	855
Db m/tilskot kr. pr. daa grovfôr	3 714	2 466	1 849	2 280	1 713	1 978
Oppnådd kjøttpris kr. pr. kg slakt	46,40	45,49	43,06	41,68	41,14	45,49
Variabel grovfôrkostnad kr. pr. daa	257	302	396	384	280	300
Maskinkostnadar kr. pr. daa	1 081	1 015	1 161	1 143	1 141	1 394
Påsettprosent	104 %	85 %	77 %	86 %		
Snitt slaktevekt pr. ku, kg	306	281	237	255		
Nyttbar kalv pr. ammekyu, stk.	0,9	0,7	0,4			
Korrigerte daa pr. "kueining"	5,4	5,0	3,8	5,9	6,7	
Tal ammekyr	17	14	12	18,2	13,4	18,1
Tal bruk totalt med analyse		23		20	28	24
Tal bruk pr. gruppe	7	23	7	20	28	24
Kr. pr. ammekyu	Høgaste 30%	Middel	Lågaste 30%	Middel	Middel	Middel
					Tal utan omsyn til påsett%	
PRODUKSJONSINNTEKTER						
Livdyrsal	4 865	3 801	4 684	3 398	3 304	3 210
Slakt	13 733	9 611	7 458	7 460	6 859	7 384
Buskap, beholdningsendring	872	51	-3 731	591	1 752	1 708
Andre inntekter	323	305	49	357	454	943
Sum produksjonsinntekter	19 793	13 767	8 460	11 806	12 369	13 246
VARIABLE KOSTNADAR						
Grovfôrproduksjon,kjøp grovfôr	2 654	3 141	3 713	3 494	3 090	3 003
Kraftfôr mm	3 266	2 453	1 807	1 900	1 810	1 904
Veterinær, medisin, semin mm	871	519	96	445	407	386
Livdyr	2 387	1 413	1 342	771	2 247	1 627
Andre kostnadar	584	637	464	449	679	747
Sum variable kostnadar	9 762	8 162	7 423	7 058	8 233	7 667
Db kr. pr. ku u/tilskot	10 030	5 606	1 038	4 748	4 135	5 578
Db kr. pr. ku m/tilskot	21 512	18 249	13 620	14 151	13 717	13 885

Merknad:

- I statistikken for ammekyu inngår bådetunge og lette rasar
- tal for 2011 er middel-tal for denne gruppa påsett%, medan tal for 2010 og 2009 er middel-tal for alle ammekubesetningar i statistikken utanom omsyn til prosent påsett

10. SMÅGRIS- OG KOMBINERTPRODUKSJON

SMÅGRIS OG KOMBINERTPRODUKSJON, oppfôring <50%						
Nøkkeltal	2012			2011	2010	2009
	Høgaste 30%	Middel	Lågaste 30%	Middel	Middel	Middel
Db kr. pr. purke	15 562	10 619	5 898	12 084	9 434	9 381
DB kr. pr. kull	6 921	5 243	2 801			
Oppnådd kjøtpris kr. pr. kg slakt	21,47	20,23	19,10	19,73	17,56	19,04
Oppnådd pris kr. pr. smågris	971	936	909	879	857	848
Maskinkostnadar kr. pr. purke	564	666	751	130		
Maskinkostnadar kr. pr. kull	260	313	412			
Produsert tal gris pr. purke	26,4	24,1	20,5	23,8	21,8	22,9
Produsert tal gris pr. kull	11,7	11,0	9,3			
Framfôringsprosent	23 %	19 %	16 %	17 %	17 %	16 %
Årspurker, stk	130	83	49	82	76,2	80,2
Tal kull	300	216	126			
Tal bruk totalt med analyse		36		35	35	36
Tal bruk pr. gruppe	11	36	11	35	35	36
Kr. pr. purke	Høgaste 30%	2012	Lågaste 30%	Middel	Middel	Middel
PRODUKSJONSINNTEKTER						
Smågris	20 149	18 363	16 023	19 559	15 780	16 104
Slaktegris	8 928	7 041	3 776	7 856	7 531	5 707
Purkeslakt	2 497	1 923	1 809	948	1 466	1 240
Buskap, beholdningsendring	938	212	113	433	347	1 407
Andre inntekter	2	18	6	25	121	170
Sum produksjonsinntekter	32 514	27 557	21 726	28 820	24 240	23 939
VARIABLE KOSTNADER						
Kraftfôr og anna fôr	14 585	13 074	11 170	13 309	11 632	11 135
Veterinær, medisin, inseminering	1 590	1 560	1 575	1 627	1 450	1 529
Livdyr	615	2 115	2 981	1 628	1 499	1 522
Andre kostnader	162	189	102	173	225	371
Sum variable kostnadar	16 952	16 938	15 828	16 737	14 806	14 558
Db kr. pr. purke u/tilskot	15 562	10 619	5 898	12 084	9 434	9 381
Db kr. pr. purke m/tilskot	15 911	11 087	6 518	12 558	10 025	9 963

Merknad:

I statistikken inngår driftsanalysar for smågrisprodusentar som driv både:

- rein smågrisproduksjon, dvs. sal av alle fødte smågris ut over dei som blir beholdt til eiga rekruttering
- kombinert smågrisproduksjon, dvs. framfôring av ein del av fødte smågris, i tillegg til sal av smågris

11. SMÅGRIS, KOMBINERTPRODUKSJON

SMÅGRIS KOMBINERTPRODUKSJON						
	2012			2011	2010	2009
Nøkkeltal	Høgaste 30%	Middel	Lågaste 30%	Middel	Middel	Middel
Db kr. pr. purke	23 727	16 068	9 430	15 601	12 738	11 903
DB kr. pr. kull	10 433	7 561	4 730	7 776		
Oppnådd kjøtpris kr. pr. kg slakt	24,88	24,41	23,86	24,17	22,89	21,98
Oppnådd pris kr. pr. smågris	966	917	879	897	660	818
Maskinkostnadar kr. pr. purke	1 026	805	573	1 090		
Maskinkostnadar kr. pr. kull	863	465	272	553		
Produsert tal gris pr. purke	25,8	21,6	18,7	21,9	20,6	21,4
Produsert tal gris pr. kull	11,9	10,1	8,7	9,46		
Framfôringsprosent	87 %	86 %	88 %	84 %	89 %	81 %
Årspurker, stk.	59	52	39	44	44,3	46,7
Tal kull	130	115	89			
Tal bruk totalt med analyse		26		34	38	43
Tal bruk pr. gruppe	8	26	8	34	38	43
Kr. pr. purke	Høgaste 30%	Middel	Lågaste 30%	Middel	Middel	Middel
PRODUKSJONSINNEKTER						
Smågris	4 577	4 175	2 230	4 272	2 951	3 389
Slaktegris	42 717	34 760	29 914	35 196	33 949	31 172
Purkeslakt	2 484	2 159	1 940	1 405	1 463	1 506
Buskap, beholdningsendring	1 426	819	130	425	-169	686
Andre inntekter	8	23	0	57	77	254
Sum produksjonsinntekter	51 212	41 936	34 214	41 355	37 461	36 271
VARIABLE KOSTNADER						
Kraftfôr og anna fôr	24 658	22 546	21 280	22 261	21 507	20 734
Veterinær, medisin, inseminering	1 739	1 504	1 136	1 526	1 421	1 453
Livdyr	1 124	1 768	2 257	1 632	1 584	1 691
Andre kostnader	-36	50	112	335	213	491
Sum variable kostnader	27 485	25 868	24 784	25 754	24 724	24 369
Db kr. pr. purke u/tilskot	23 727	16 068	9 430	15 601	12 738	11 903
Db kr. pr. purke m/tilskot	24 377	16 779	10 230	16 461	13 742	13 028

Merknad:

I statistikken inngår driftsanalyser for smågrisprodusentar som driv kombinert slakte- og smågrisproduksjon, der mange fôrar fram ein stor del av fødte smågris.

12. SLAKTEGRIS

SLAKTEGRIS						
	2012			2011	2010	2009
Nøkkeltal	Høgaste 30%	Middel	Lågaste 30%	Middel	Middel	Middel
Db kr. pr. slaktegris	388	275	152	331	306	287
Oppnådd kjøpspris kr. pr. kg slakt	25,43	25,05	24,56	23,74	23,20	22,76
Snitt slaktepris kr. pr. gris	2 101	2 019	1 954	1 955	1 892	1 851
Snitt kjøpspris kr. pr. smågris	941	935	936	860	832	803
Snitt slaktepris - kjøpspris, kr. pr. gris	1 161	1 084	1 018	1 096	1 060	1 049
Maskinkostnad kr. pr. slaktegris	30	29	23	12		
Slaktevekt kg. pr. slaktegris	82,6	80,7	79,6	81,5	81,2	80,4
Tal slaktegris	1 401	1 098	677	1 137	1 110	1 044
Tal bruk totalt med analyse		94		87	83	91
Tal bruk pr. gruppe	28	94	28	87	83	91
Kr. pr. gris	Høgaste 30%	Middel	Lågaste 30%	Middel	Middel	Middel
PRODUKSJONSINNEKTER						
Slakt	2 192	2 037	1 980	1 944	1 884	1 803
Buskap, beholdningsendring	-42	-23	-76	41	13	45
Andre inntekter	1	1	1	1	2	10
Sum produksjonsinntekter	2 151	2 015	1 904	1 986	1 899	1 858
VARIABLE KOSTNADAR						
Kraftfôr mm	796	785	818	763	741	731
Veterinær, medisin, semin mm	3	3	3	3	3	2
Innkjøp dyr	968	957	935	894	849	833
Andre kostnader	-4	-4	-4	-4	0	4
Sum variable kostnader	1 763	1 740	1 751	1 655	1 593	1 571
Db kr. pr. gris u/tilskot	388	275	152	331	306	287
Db kr. pr. gris m/tilskot	400	288	167	344	325	307

Merknad:

I statistikken inngår driftsanalyser for slaktegrisprodusentar basert på innkjøpt smågris.

Smågrisprodusentar som fôrar opp egne smågris til slaktegris inngår enten i statistikken for smågris- og kombinertproduksjon eller smågris kombinertproduksjon.

13. SAUEHALD

SAUEHALD						
	2012			2011	2010	2009
Nøkkeltal	Høgaste 30%	Middel	Lågaste 30%	Middel	Middel	Middel
Db kr. pr. vinterfôra sau	1 210	677	162	686	671	777
Db kr. pr. daa grovfôr	1 471	851	232	918	1 019	1 048
Db m/tilskot kr. pr. daa grovfôr	3 469	2 829	2 210	2 888	2 884	2 595
Snitt kjøttpris kr. pr. kg slakt	50,45	48,40	45,81	45,42	44,09	42,34
Variabel grovforkostnad kr. pr. daa	371	373	386	376	322	353
Maskinkostnader kr. pr. daa	1 026	1 120	1 168	1 125	1 053	1 092
Snitt slakt kg pr. vinterfôra sau	36,4	29,7	24,1	31,2	31,0	30,9
Gagnslam pr. vinterfôra sau, stk.	1,68	1,44	1,19	1,54	1,51	1,53
Korrigerte daa pr. "kueining"	6,5	6,2	6,3	7,8	7,7	
% dyr på utmarksbeite	54 %	64 %	70 %	64 %		
Tal vinterfôra sau	95	96	91	101	98	92
Tal bruk totalt med analyse		256		240	263	273
Tal bruk pr. gruppe	77	256	77	240	263	273
Kr. pr. vinterfôra sau	Høgaste 30%	Middel	Lågaste 30%	Middel	Middel	Middel
PRODUKSJONSINTEKTER						
Ull	179	156	126	143	135	147
Slakt, livdyrsal	1 873	1 472	1 100	1 507	1 398	1 355
Buskap, beholdn.endring	118	84	65	21	59	54
Andre inntekter	69	44	22	42	27	126
Sum produksjonsinntekter	2 239	1 757	1 312	1 713	1 619	1 682
VARIABLE KOSTNADAR						
Grovfôrprod./ kjøp grovfôr	380	407	456	379	322	323
Beiteleige	13	21	28	25	23	24
Kraftfôr mm	362	389	403	362	349	312
Veterinær, medisin, semin mm	109	100	93	103	99	91
Innkjøp dyr	35	40	49	41	49	56
Andre kostnader	130	123	122	117	106	101
Sum variable kostnader	1 029	1 080	1 150	1 027	947	905
Db kr. pr. sau u/tilskot	1 210	676	162	686	671	777
Db kr. pr. sau m/tilskot	2 901	2 290	1 711	2 174	2 014	2 057

Merknad:

I statistikken inngår driftsanalyser for sauebesetningar med ulike rasar, men hovudtyngden av analysane er frå besetningar med Norsk Kvit Sau.

14. GEITEHALD

GEITEHALD				
	2012	2011	2010	2009
Nøkkeltal	Middel	Middel	Middel	Middel
Db kr. pr. liter	5,14	4,50	4,63	4,03
Db kr. pr. geit	3 332	2 792	2 831	2 411
Db kr. pr. daa grovfôr	3 707	3 452	3 615	3 315
Db m/tilskot kr. pr. daa grovfôr	7 438	6 995	6 848	6 413
Oppnådd mjølkepris, kr. pr. liter	9,76	9,15	8,86	8,22
Variabel grovfôrkostnad kr. pr. daa	400	537	422	402
Maskinkostnader kr. pr. liter	1,52	1,24	0,98	0,98
Maskinkostnader kr. pr. daa	1 563	1 323	902	874
Leveranse liter mjølk pr. geit	651	620		
Mjølkekvote, liter	68 203			
Kvotepuffyllingsprosent	90 %	94 %		
Korrigerte daa pr. "kueining"	5,0	3,6	4,2	
Tal geiter	93	89	82	76
Tal bruk totalt med analyse	5	5	5	5
Tal bruk pr. gruppe	5	5	5	5
Kr. pr. geit	Middel	Middel	Middel	Middel
PRODUKSJONSINNTEKTER				
Mjølke	6 378	5 679	5 297	4 875
Slakt	212	129	133	110
Livdyrsalg	15	10	29	13
Buskap, beholdn.endring	-36	-1	2	35
Andre inntekter	19	23	49	93
Sum produksjonsinntekter	6 588	5 839	5 510	5 126
VARIABLE KOSTNADAR				
Grovfôrprod./ kjøp grovfôr	406	464	449	438
Kraftfôr mm	2 460	2 253	1 863	1 903
Veterinær, medisin, semin mm	149	97	145	132
Innkjøp dyr	7	38	0	0
Andre kostnader	235	195	222	242
Sum variable kostnader	3 256	3 047	2 679	2 716
Db kr. pr. geit u/tilskot	3 332	2 792	2 831	2 411
Db kr. pr. geit m/tilskot	6 630	5 647	5 475	4 813

Merknad:

Det er bare vist middel-tal, då det er for få produsentar i statistikken til å presentere høgaste og lågaste 30%.

15. EGGPRODUKSJON

HØNER, EGG						
	2012			2011	2010	2009
Nøkkeltal	Høgaste 30%	Middel	Lågaste 30%	Middel	Middel	Middel
Db kr. pr. høne	140	111	85	89	76	90
Oppnådd eggpris kr. pr. kg	15,52	15,10	14,81	13,04	12,88	13,30
Maskinkostnad kr. pr. høne	18,48	15,29	15,22	4,29		
Eggleveranse kg. pr. høne	19,0	17,9	17,0	17,0	17,4	16,9
Tal høns	7 771	6 997	5 654	5 764	5 398	5 554
Tal bruk totalt med analyse		22		23	19	26
Tal bruk pr. gruppe	7	22	7	23	19	26
Kr. pr. høne	Høgaste 30%	Middel	Lågaste 30%	Middel	Middel	Middel
PRODUKSJONSINTEKTER						
Egg	324	286	267	245	224	259
Buskap, beholdn.endring	3	5	2	3	-3	0
Andre inntekter	0	1	2	6	2	4
Sum produksjonsinntekter	328	292	271	108	223	84
VARIABLE KOSTNADAR						
Kraftfôr mm	133	130	131	122	119	130
Veterinær, medisin, mm	0	0	0	0	0	0
Innkjøp dyr	52	49	53	43	28	43
Andre kostnader	3	2	2	0	0	1
Sum variable kostnader	188	181	186	164	147	173
Db kr. pr. høne u/tilskot	140	111	85	89	76	90
Db kr. pr. høne m/tilskot	146	118	92	97	86	100

Merknad:

I statistikken inngår bare analysar frå konsumeggprodusentar.

16. SLAKTEKYLLING

SLAKTEKYLLING						
	2012			2011	2010	2009
Nøkkeltal	Høgaste 30%	Middel	Lågaste 30%	Middel	Middel	Middel
Db kr. pr. slaktekylling	8,20	7,12	6,14	5,27	5,61	5,14
Oppnådd pris kr. pr. kg kjøt	18,63	18,08	16,87	17,45	17,63	16,94
Oppnådd pris kr. pr. slaktekylling	25,34	23,57	23,38	21,32	21,53	20,57
Snitt kjøpspris kr. pr. slaktekylling	5,25	5,25	5,20	4,93	4,81	4,73
Diff. slakt - kjøp livdyr, kr. pr. kylling	20,08	18,33	18,18	16,39		
Slaktevekt kg. pr. kylling	1,39	1,28	1,20	1,20	0,99	1,07
Maskinkostnad kr. pr. kylling	0,39	0,28	0,20	0,13		
Tal slaktekyllingar	139 507	125 644	110 251	111 429	106 569	109 481
Tal bruk totalt med analyse		29		24	27	25
Tal bruk pr. gruppe	9	29	9	24	27	25
Kr. pr. kylling	Høgaste 30%	Middel	Lågaste 30%	Middel	Middel	Middel
PRODUKSJONSINNETEKTER						
Slakt	25,44	23,74	23,55	21,20	21,57	20,57
Buskap, beholdningsendring	0,65	0,09	-0,80	0,14	-0,25	-0,04
Andre inntekter	0,01	0,00	0,00	0,01	0,03	0,15
Sum produksjonsinntekter	26,10	23,82	22,75	21,35	21,35	20,67
VARIABLE KOSTNADAR						
Kraftfôr mm	12,32	11,19	11,10	10,36	10,24	10,07
Veterinær, medisin, semin mm	0,00	0,01	0,00	0,00	0,00	0,00
Innkjøp dyr	5,43	5,31	5,21	5,17	4,96	4,78
Andre kostnader	0,15	0,20	0,30	0,55	0,54	0,69
Sum variable kostnader	17,90	16,70	16,61	16,08	15,75	15,53
Db kr. pr. kylling u/tilskot	8,20	7,12	6,14	5,27	5,61	5,14
Db kr. pr. kylling m/tilskot	8,23	7,14	6,14	5,27	5,61	5,14

Merknad:

I statistikken inngår produsentar med noko ulike produksjonskonsept, dvs. ulik tyngde på kyllingen når den blir slakta.



Foto: Karin Hansen



Foto: Anders Grødem



Foto: Morten Grødem



Foto: Torfinn Nærland



REKNEKAPSLAGA
på Jæren og Dalane

Rekneskapslaga på Jæren og Dalane

Møllevegen 4, 4360 VARHAUG
per.herikstad@hgrl.no
www.rekneskapslaga.no
Tlf. 5179 3670 Fax 5179 3661

Bjerkreim:

Bjerkreim Rekneskapskontor AS

Nesjane 3, 4389 VIKESÅ
post@bras.no
Tlf 51 45 21 88

Gjesdal:

Gjesdal Regnskap AS

Besøksadresse: Krambugt. 15, 4330 Ålgård
Postadresse: Postboks 166, 4339 Ålgård.
gjesdal@gjr.no
www.gjesdal-regnskap.no
Tlf 51 61 54 00 Fax 51 61 54 01

Hå:

Nærbø Rekneskapslag

Torlandsvegen 3, 4365 NÆRBØ
post@naerbo-rekneskapslag.no
www.naerbo-rekneskapslag.no
Tlf 51 79 97 50 Fax 51 79 97 60

Hå:

Hå Rekneskapslag

Møllevegen 4, 4360 VARHAUG
haa@hgrl.no
www.hgrl.no
Tlf 51 79 36 60 Fax 51 79 36 61

Sandnes:

HG-regnskap Sandnes SA

St. Olavsgt. 2, 4319 SANDNES
hg@hgregnskap.no
www.hgregnskap.no
Tlf 51 68 62 00 Fax 51 68 62 01

Klepp:

Klepp Rekneskapslag SA

Postvegen 209, 4353 KLEPP STASJON
klepp@grl.no
www.kleppgrl.no
Tlf 51 78 69 90 Fax 51 78 69 91

Sola:

Sola Regnskap SA

Beøksadresse: Sandevn. 32, 4050 SOLA
Postadresse: Postboks 135, 4097 SOLA
srl@solaregnskap.no
Tlf 51 71 99 30 Fax 51 71 99 31

Stavanger/Randaberg/Kvitsøy:

Nord-Jæren Regnskap AS

Gartnerveien 41, 4016 STAVANGER
post@njr.no
www.njr.no
Tlf 51 90 69 10 Fax 51 90 69 11

Time:

Time Rekneskapslag

Hognestadv. 86, 4344 BRYNE
post@time-rekneskapslag.no
www.time-rekneskapslag.no
Tlf 51 77 18 00 Fax 51 77 18 01

Lund/Egersund/Sirdal:

Lund Regnskapskontor AS

Sirdalsveien 38, 4376 HELLELAND
post@lundregnskap.no
www.lundregnskap.no
Tlf 51 40 24 00 Fax 51 40 24 01